

Festprogram

Sogn og Fjordaneringen 50 år



Holmenkollen Restaurant

9. oktober 2004

Velkomstdrink



Meny

Forrett

Pannesteikt Aure

Med posjerte vaktelegg, linseragu og grasløksaus

Hovudrett

Heilsteikt entrecôte av kalv

Bruna og baka i ovn, får følgje av aspargesbønner, bakt tomat og mørkeløksaus

Dessert

Crème Brûlée

Servert med bærslat og basilikum sorbet

Mineralvatn/alkoholfritt øl

Kaffi



Kaffi og kakebord seinare på kvelden

Gjesteliste

Andersen, Petter
Andreassen, Stine
Bakka, Gunvor
Bjørli, Åse
Bjørk, Magne
Bjørkum, Andreas
Bjørnstad, Anne-Marie
Bohlin, Rachel Bjørnstad
Bruun, Arne
Dale, Alv Reidar
Eid, Tone
Eidsvoll, Tone
Einemo, Aslaug
Fagnastøl, Ingeborg
Feragen, Oddny
Follestad, Anna Kristine
Fridtun, Astrid
Fridtun, Solbjørg
Fuglevåg, Kari
Gjørven, Astrid
Glomnes, Jørn
Grimstad, Eystein
Hage, Sylvi
Hage, Aasmund
Hammarslott, Kjellaug
Heggem, Anne Karin
Heggen, Asta
Heggen, Per
Hestenes, Bjarne
Hestnes, Erik
Hestnes, Gerd K.
Hillestad, Arne
Hillestad, Ingebjørg Brekken
Hjørnevikt, Berit
Hjørnevikt, Terje
Holt, Inger Johanne
Holm, Bjørg
Hunderi, Astrid
Hustveit, Knut David
Hustveit, Kårhild
Høvik, Arne
Jensen, Arvid
Johansen, Bjørg
Julsrud, Anne Marie
Kjøge, Per Harald
Klausen, Kjell
Kleven, Egil
Kluken, Hild Midttun
Kyam, Olav
Kyamme, Arne
Kyamme, Torgunn
Kvelsi, Anne-Mari
Kvellestad, Agnar
Kvåle, Hallvard
Kyrkjeeide, Sissel
Lauvdal, Terje
Lervold, Heidi
Lillehei, Gerd
Linde, Gunnvor
Linde, Henrik
Linde, Ingvar
Loen, Audun
Loen, Marit Haug
Lunde, Hege
Lunde, Tor
Madsen, Villy
Madsen, Åse
Myrvang, Kari
Naustdal, Kjartan
Nes, John Kåre

Nes, Rannveig Vinjum
Nesdal, Sigrund
Nummedal, Hilmar
Nyhus, Bjørg
Nyhus, Jan
Næss, Solveig
Osland, Otto
Osland, Thyra
Pehrson, Ragnhild
Reksten, Kjartan
Reksten, Martha
Reksten, Sigrid
Reksten, Vigdis
Rinde, Per
Rolandsgard, Harald
Rosendal, Ragnhild
Rud, Anne-Tove
Ryeng, Per J.
Ryggyvik, Johanne
Seim, Arnhild
Seim, Torgeir
Shaw, Helen
Skillebæk, Aage
Skrutvold, Gunhild
Skrutvold, Olav
Slyngstad, Ragnhild Billaud
Solheim, Randi
Sollid, Anny
Stafsnæs, Finn
Stenmark, Berit
Stensrud, Eldbjørg
Stensrud, Kjell
Sundsby, John
Sundsby, Karna Hjetland
Svendsen, Jan Erik
Syrtveit, Louise
Syrtveit, Tormod
Sølvberg, Arne
Sølvberg, Asbjørg
Sørli, Unni
Tellnes, Bjørg
Tellnes, Hogne
Thorkildsen, Turid Grethe
Tjore, Jostein
Torsby, Ingjerd
Torsteinsen, Anne-Lise
Torsteinsen, Roar
Totland, Bjarte
Totland, Brit M.
Tronrud, Ragnhild
Trydal, Knut
Trydal, Marit
Tystad, Rune
Tønnesen, Lisbeth
Ulleland, Johan
Underdal, Leif Inge
Vikøren, Eli
Westavik, Aud
Winsrygg, Magnhild
Woll, Asbjørn
Woll, Gunvor Sæverås
Øygarden, Johannes
Aa, Dagfinn
Aa, Kristian
Aamodt, Berit Vivian
Aarekol, Jon
Aarekol, Kari Fridtun
Aarslet, Anfinn
Aasen, Kjersti
Aasen, Svein

Vestland, Vestland

Å, Vestland, Vestland når eg ser det slik
med fagre fjell og fjord og tronge vik,
det stig i all sin venleik stort og vilt
og etter møter meg så mjukt og mildt.

Og som det for mitt syn er dimt og dult,
det opnar seg eit utsyn yndefullt;
igjennom tunge sky og skoddehav
den blide fjorden ser eg blånen av.

Og gleda strøymer i meg still og stor
med glans av bjørkeli og blåe fjord.
Og i meg sjølv eg kjenner dypten av
den stille skogen og det store hav.

Min lette båt ein solblank kveld eg ror,
sjå fjell og himmel sum på stille fjord,
og djupe dalen med sitt grøne fang,
som skin av lauv og blom frå li i vang.

Sjå skuggane som kliv dei kvasse fjell,
lik dagsens timer tøyer seg mot kveld.
Det sveiper seg om tind og trange dal
eit draumeslør av sommarnattisval.



Min hug, min heim

50 år med dans i Sogn og Fjordaneringen.
(Tone: Min keiserdom)

I femtiåra kom det mange Fjordingar til by'n
frå Høyanger og Lærdal, i frå Førde og frå Stryn.
Dei tok med seg ein lengsel og sin eigen dialekt,
"grautamål" sa Oslofolk og det var ikkje kjekt.
Så kom dei saman, gret ein skvett og tok ein livleg song,
så dansa dei ein reinlender og springar gong på gong.
Ein leikarring, ei fele, eit kvilesteg, eit hopp,
så kjende dei seg heime og humøret var på topp!

I sekstiåra budde mange Fjordingar i sta'n
no har dei fiksa livet her, blir nesten litt urban.
Men kaffistova trekk dei inn, det luktar vestland der,
i Ringen kjem det mange fleir, for den er populær
Så skaffar dei seg bunad alle, trener jamt og trutt
og øvingskvelden går med fart og fritt i kvart minutt
Kvar kveld dei dansar framsyning, vert pengar óg av det
Og etterpå så samlast dei og då kan allting skje.

I syttiåra kom det slik då endo fleire til
med stil og smil og sex-appeal og nokre óg med bil
Og kvifor sokje kjærast andre stader når du har
han Ola og ho Kari her med sjarm og Vestlandsgard
Og om dei ikkje garden har, so dansar dei so bra.
Og det er alt vi ynskjer oss og alt vi treng å ha.
Så blir det bryllaupsfest og meir, med kjempestort kalas,
og kronebrur kan hende, for det synest vi er stas.

I åttiåra drog dei lenger vekk og utanlands
for å lære andre folkeslag det vi vil kalle dans.
Til Tyrkia og Irland, til Irak og USA,
no seier dei spasiba, merbaba og ca ira!
Men om dei snakkar utanlandsk, så er dei nasjonal
med dugnad, kurs og leikfestar og songdansseminar.
Å verje norsk kulturarv, på *det* er alle obs.
På landskapleik i Tynset gjekk no Ringen heilt til topps.

I nittiåra minka dei, og vinden dabba av,
men bølgjene gjekk framleis høgt på dette dansehav.
Tilbake kjem no dei som eingong bort frå Ringen drog,
kjem flaksande med sug og lengt slik trekkfugl flyr mot
nord.
Så kan det kome nye til, slik von er vårt refreng.
Lat gleda lyse unge inn med dans på kvar ein streng.
Ein leikarring, ei fele, eit kvilesteg, eit hopp.
No kjenner vi oss heime og humøret er på topp!

Ragnhild Slyngstad B.

Vok.
merbaba = hallo (tyrkisk)
spasiba = takk (russisk)
ca ira = det går nok bra (fransk)



Livets dans

(Mel: Jeg plukker fløielsgress)

Den fyrste gongen at eg fekk dansa
då var eg liten og blid og glad.
Frå fyrste tida eg kunne sansa
eg hørde songar og leik og kvad.
For der gjekk mor mi og svinga stakken,
og kvar ein dag fekk eg vera med
på Ride Ranke og Fola Blakken
så trygt og gladlynt på far sitt kne.


Den andre gongen eg trødde dansen
då var eg ungdom og yr og vill.
Så lett på foten og klår i sansen
eg svingde jenta mi frå og til.
Eg var som vinden, eg eigde verda
eg famna over den heile jord.
Eg kasta sorgene over herda
og gløymde dansen hos far og mor.

Den tredje gongen eg dansen leikte
då var eg voksen og mogen mann.
Og det som ein gong i hugen kveikte
det fekk ein gløyma som best ein kan.
Men dansen, dansen fekk ingen hindra,
og midt i motgang og vonde år
då stemdes fela, og dansen lindra
og heila alle dei vonde sår.

Den fjerde gongen eg leiken trødde
Då var eg gamal og stødde tungt.
Med matte augo som ein gong glødde
eg såg til alters og tenkte lungt
at dansen, dansen er alt eg minnast.
Det andre, det er ei slokna verd.
Om alt er borte, så skal den finnast
og vera gleda i all mi ferd.

Den siste gongen at eg skal dansa
då skal eg dansa som aldri før.
Då skal eg leva, då skal eg sansa
at livet lever heil til det dør.
Då skal eg seia at "Kva er livet
forutan leiken og dans og song?"
Då skal eg sanna, for so er skrive
at livet lever ein enda gong.

Leidulf Havsmo



Velbekomme!

(Mel: Eg veit ei lita jente)

Om alle no er vel forsynt og
stinn og god og mett,
me ynskje vil kvarandre velbekomme.
Så takkar me for vått og turt,
og heitt og kaldt, og søtt og surt,
og ynskjer alle hjartans velbekomme.

Så strekkjer me på bein og kropp,
og reiser oss frå bord,
er magen altfor full, så velbekomme.
No svingar me oss, eg og du,
med kall og ungkar, frøken – fru.
For den som sit og sturer: VELBEKOMME.

Så festar me til langt på natt
med song og godt humør,
mens månen smiler glad sitt velbekomme.
No jagar me all sut på dør,
og skapar om vår festkulør.
Då vert det alt så hjartans velbekomme.



Sogn og Fjordane Ringen

(Mel: Jenta og jag)

Heia ringen vår, 50 i år
Det skal vi feire så det rent forgår
Ingen skal vær' sure og lei
Her skal vi feire alle
Hæla i taket, sving deg nå rundt
For dans, vet jo alle, er veldig sunt
Og her skal det synges, kan du ei det
Så er det jo bar' å tralle

Åra går tritt, mang' er det blitt
Aktivitetsnivå har gått ned litt
Før var det dans både her og der
Framsyning og leikfester
Båtservice, Bygdøy, Speilsal og mer
Og framsyningene ble bare fler
Men nå har det stilnet, hvorfor mon tro
Hvor blir det av alle gjester

Hyttetur var, meget populær'
Vandret i skogen for å komme der
Stemning det var, røstene bar
Du verden for kos og hygge
Samværet var en meget viktig del
Det runget med både dans, sang og spel'
Vi minnes de mange stunder vi hadde
Og vi var så glad og trygge

I utland sågar, også vi var
Mange fine steder, venner der vi har
Dansen er rammen, binder oss sammen
Venner vi har for livet
Kurs, smalahovet og klubbefest,
I Enebakk var vi stadig en gjest
Så slitne og trette, glade og svette
Jammen er vi spreke blivet




Minner er godt, for stort og smått
Men det er viktig at vi har forstått
Tiden er nu, kan ikke snu,
Her er det bar' å stå på.
Fortsatt så har vi "masser av gøy"
På øvinger lager noen litt "støy"
Og latteren sitter løst hos de fleste
Her er så triv-e-lig så!

Fortsatt så er, no'n ting populær
Øvinger er jo veldig gøy i sær
Rettleiing og musikken er bra
Kan ikke klar' oss uten
Dansing på Blindern hører jo med
Og hvem er vel bedre enn oss til det
Vi lærer dem opp og ser de blir topp
Og tørker pannen av med kluten

Folkedanskveld, gjør vi no'n sprell
Her er det lov for deg å by opp selv
Kom deg i ring, ta deg en sving
Reinlender, Pols og polka
Høydepunkt er kosekveld i sær
Og no'n ganger blir det "opptreden" der
Med sanger, og bilder, eventyr stunder
som blir behørig tolka

Kos dere nå, gjør det som må
Til for en festlig kveld med stor' og små
Spis nå og drikk, god folkeskikk
Nå skal vi jubilere
Kvelden skal gå i minnene hen
Og alle skal skilles herfra som venn
Så ta nabo'n arm og sving til og fra
For alle vil vi **GRATULERE**

Anne-Tove M. Rud



Kjøkemeister: *Alv Reidar Dale*
Musikk: *Bærum Spelmannslag*
Danseleiar: *Dagfinn Aa*
Festkomite for 50 års jubileet:
Jon Nes
Rannveig Vinjun Nes
Turid G.Thorkildsen
Rune Tystad

Festen sluttar kl 01.00

Sogn og Fjordaneringen takkar



for støtte til jubileumsfesten

Takk for denne gongen og vel heim!